



Tor Vidar Sæle på heimebane, her saman med dåverande helse- og omsorgsminister Anne Grethe Strøm-Erichsen

For 2 veker sidan var uskedelingen Tor Vidar Sæle tilbake i jobben som dagleg leiar for Kvinnherad Vekstbedrift etter 13 månadar i den krevjande jobben som operativ sjef for Fleshamn. Han hadde leiarjobben ved KV i 7 år før han vart nestsjef for lufthamna med 140 direkte under seg. Hvis han hadde halde fram der måtte han ha flytta til Bergen og det var ikkje Sæle budd på. Han var innvilga 3 års permisjon i Uskedalen.

Sæle strekar under at jobben på Flesland er ein livsstiljobb som er svært krevjande. Ein må vera til stades når det er behov og uskedelingen reiste i 4 og ein halv time kvar dag med bil og båt.

Men han seier til Grenda at han stortreivst i stilingen og at Avinor er ein fantastisk arbeidsplass. Flesland har 3500 tilsette som er knytt direkte til drifta og no er ein gigantisk utbyggingsprosess på gang og skal vera fullført om 2 år.

Ansvar er stort og utfordringane mange. Men også KV-jobberne er givande og god med mange interessante oppgåver forut.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen